

VEDTEKTER FOR KRINGKASTINGSRINGEN

(Endra 25.2.79, 4.3.84, 22.2.87, 14.2.90 og 10.3.99, 23.3.04, 22.03.17, 20.03.18)

1. Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk normalmål, norske dialektar og samisk mål skal få eit rettkomme rom i norsk kringkasting og andre norske massemedia. Kringkastingsringen arbeider for at norsk kringkasting skal desentraliserast så heile folket kjem med i kringkastingsverksemda.
2. Årsmøtet er høgaste styresmakta i Kringkastingsringen. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år. Årsmøtet vel eit styre med leiar, 4 – 6 styremedlemer, 4 varamedlemer og ei valnemnd på minst 3 personar. Årsmøtet vel revisor og 2 medlemer til å skriva under møteboka. På årsmøtet legg styret fram årsmelding og rekneskap til godkjenning. Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.
3. Årsmøtet gjer vedtak i saker som står på saklista. Årsmøtet skal godkjenne innkalling og sakliste. Medlemene kan gjera framlegg om saker dei vil ha fram på årsmøtet. Slike framlegg må vera innkomne til styret seinast 2 månader før årsmøtet. Meiner styret at ei slik sak ikkje skal førast opp på saklista, kan årsmøtet likevel vedta å gjera det med vanleg fleirtal. Ei sak som er komen inn for seint, kan takast opp på årsmøtet berre dersom styret tilrår det.
4. Innkalling til årsmøtet saman med sakliste skal kunngjerast i pressa eller sendast til medlemene seinast 3 veker før møtet skal haldast. Omfram årsmøte skal haldast når styret meiner det trengst, eller når minst 1/20 av medlemene ved siste årsskiftet krev det. Omfram årsmøte som medlemene krev, skal haldast seinast 7 veker etter at kravet er kome til styret.
5. I saker som ikkje er nemnde i paragrafane 11 og 12, gjer årsmøtet vedtak med vanleg fleirtal. Røysterett har dei som har betalt lagspengane i inneverande år, og ikkje seinare enn ei veke før årsmøtet. Ein medlem med røysterett som ikkje har høve til å møta på årsmøtet, kan overlata røysteretten til ein annan medlem ved skriftleg fullmakt.
6. Årsmøtet vel leiar ved særskilt val for 1 år om gongen. Styremedlemene vert valde for 2 år, slik at 2 er på val kvart år. Varamedlemene vert valde for 1 år. Styret vel nestleiar.
7. Styret leier arbeidet i Kringkastingsringen og skal ha minst 6 møte mellom årsmøta. Skal eit styrevedtak vera bindande, må simpelt fleirtal ha røysta for det. Styret kan nemne opp 3 eller fleire av styremedlemene eller varamedlemene til å vera arbeidsutval. Arbeidsutvalet førebur saker for styret, og kan avgjera mindre saker. Styret og arbeidsutvalet kan peika ut nemnder eller utval til å førebu særskilde saker. Styret og arbeidsutvalet skal føra møtebok. Styret kan tilsetja sekretær og kontorhjelp.
8. Kringkastingsringen har to årspengesatsar, ein for medlemer på 30 år og eldre og ein for medlemer under 30 år. Årsmøtet avgjer kor store årspengane skal vera i kvar gruppe.
9. Det er høve for andre organisasjonar og lag, eller lokallag av desse, til å melda seg kollektivt inn i Kringkastingsringen. Innmelde lag kan sende ein representant til årsmøtet.
10. Det kan skipast lokallag under hovudsamskipnaden. Styret gjev nærare føresegner.

11. Framlegg om endringar i vedtektene må vere innkomne til styret seinast 2 månader før årsmøtet, og skal vert offentleggjort saman med innkallinga. For omfram møte gjeld same kunngjeringsfrist som for vanleg årsmøte. For å gjere endring i vedtektene trengst det 3/4 av røystene.

12. Kringkastingsringen kan oppløysast dersom både eit vanleg og eit omfram møte gjer vedtak om det med minst 2 månaders mellomrom, og med minst 3/4 av røystene kvar gong. For framlegg om oppløysing gjeld same varselfrist som framlegg om endring i vedtektene. Ved oppløysing overtek Noregs Mållag eiga til Kringkastingsringen.